



Nye Voss kommune

MØTEPROTOKOLL

Mellombels fellesnemnd

Dato: 28.04.2017 kl. 10:30 – 13:00
Sted: Kommunestyresalen Voss Tinghus
Arkivsak: 17/00509

Tilstede: Hans Erik Ringkjøb (Ap), Sigbjørn Hauge (Sp), Bjørg Djukastein (Ap), Jorunn Ytrefjord (V), Knut Ståle Kvissel (Frp), Ingebjørg Winjum (V), Hans Jakob Mæland (H), Annlaug Hauge Sårkvitne (Sp)

Møtende varamedlemmer: Martin Hamre for Annlaug Hauge Sårkvitne i sak 16/17.

Forfall:

Andre: Einar Hauge, Trude Letnes, Tor Halvorsen

Protokollfører: Målfrid Sivertsen

Repr. J. Ytrefjord tok sete kl. 10:45 under handsaming av sak 10/17.

| SAKSKART | | | Side |
|----------------------------------|-------------|---------------------------------------|-------------|
| Godkjenning av innkalling | | | |
| Godkjenning av protokoll | | | |
| 1/17 | 17/00509-12 | Godkjenning av protokoll - 28.04.2017 | 3 |
| Informasjon | | | |
| 2/17 | 17/00516-24 | Informasjon | 4 |

| Saker til handsaming | | | |
|------------------------------|-------------|-----------------------------------------------------------------------------------|----|
| <u>9/17</u> | 17/00516-18 | Delegering av mynde frå fellesnemnda | 5 |
| <u>10/17</u> | 17/00516-19 | Sak om prosess og utforming av kommunevåpen | 6 |
| <u>11/17</u> | 17/00516-20 | Søknad om stønad til digital infrastruktur | 7 |
| <u>12/17</u> | 17/00516-21 | Val av revisor for fellesnemnda | 8 |
| <u>13/17</u> | 17/00817-2 | Sak om frikjøp av tillitsvalde i samband med etablering av Nye Voss | 9 |
| <u>14/17</u> | 17/00516-17 | Reglement for godtgjersle for dei politiske organa knytt til kommunesamanslåinga. | 10 |
| <u>15/17</u> | 17/00516-23 | Nye Voss kommune på Facebook | 11 |
| <u>16/17</u> | 17/00516-22 | Prosjektleiing | 12 |
| | | | |

Voss, 28.04.2017

møteleder

Godkjenning av innkalling

Det var ingen merknader. Innkalling og sakliste vart godkjent.

Godkjenning av protokoll

1/17 Godkjenning av protokoll - 28.04.2017

| Behandla av | Møtedato | Saknr |
|--------------------------|------------|-------|
| 1 Mellombels fellesnemnd | 28.04.2017 | 1/17 |

Administrasjonen si innstilling:

Protokoll frå møte 28.04.2017 vert godkjent.

Møtebehandling

Repr. A. H. Såkvitne kom med framlegg om at representantar og vara i fellenemnda skal vera lista opp i vedtaket i sak 1/17..

Det var elles ingen merknader til protokollen.

Votering

Administrasjonen si innstilling med endring vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Protokoll frå møte 28.04.2017 vert godkjent.

Retting i sak 1/17 pkt. 1. Namn på medlemmer og varamedlemmer skal listast opp.

[Lagre]

Informasjon

2/17 Informasjon

| Behandla av | Møtedato | Saknr |
|--------------------------|------------|-------|
| 1 Mellombels fellesnemnd | 28.04.2017 | 2/17 |

Mellombels fellesnemnd har ynskt å arrangera felles kommunestyremøte etter Inndelingslova § 25, kalla inn av Fylkesmannen, i perioden 20 – 30 august 2017. Fylkesmannen har gitt beskjed om at dei er opptatt 23. og 24. august og ber om tilbakemelding om kva for dato som elles kan vere aktuell.

Møtebehandling

Aktuell møtedato er 31.08.2017. Administrasjonen tek kontakt med Fylkesmannen.

[Lagre]

Saker til handsaming

9/17 Delegering av mynde frå fellesnemnda

| Behandla av | Møtedato | Saknr |
|--------------------------|------------|-------|
| 1 Partssamansett utval | 28.04.2017 | 2/17 |
| 2 Mellombels fellesnemnd | 28.04.2017 | 9/17 |

Administrasjonen si innstilling:

Delegering av mynde til fellesnemndas leiar, arbeidsutval, partssamansett utval og prosjektleiinga blir vedtatt slik det kjem fram i saksutgreiinga.

Møtebehandling

Partssamansett utval hadde ingen merknader.

Votering

Administrasjonen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Delegering av mynde til fellesnemndas leiar, arbeidsutval, partssamansett utval og prosjektleiinga blir vedtatt slik det kjem fram i saksutgreiinga.

[Lagre]

10/17 Sak om prosess og utforming av kommunevåpen

| | | |
|--------------------------|------------|-------|
| Behandla av | Møtedato | Saknr |
| 1 Mellombels fellesnemnd | 28.04.2017 | 10/17 |

Administrasjonen si innstilling:

1. Administrasjonen får utarbeid eit framlegg til kommunevåpen basert på innspel frå fellesnemnda.
2. Framlegget må støtte dei allmenne reglane til kommunevåpen.

Møtebehandling

Votering

Administrasjonen si innstilling vart samrøystes vedteken

Vedtak

1. Administrasjonen får utarbeid eit framlegg til kommunevåpen basert på innspel frå fellesnemnda.
2. Framlegget må støtte dei allmenne reglane til kommunevåpen.

[Lagre]

11/17 Søknad om stønad til digital infrastruktur

| Behandla av | Møtedato | Saknr |
|--------------------------|------------|-------|
| 1 Mellombels fellesnemnd | 28.04.2017 | 11/17 |

Administrasjonen si innstilling:

1. Mellombels fellesnemnd godkjenner at det blir søkt midlar på ordninga «Tilskudd til veier og digitaliseringstiltak i kommuner som skal slå seg saman».
2. Arbeidsutvalet får mynde til å godkjenne endelegge prioriteringar i søknaden.

Møtebehandling

Votering

Administrasjonen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Mellombels fellesnemnd godkjenner at det blir søkt midlar på ordninga «Tilskudd til veier og digitaliseringstiltak i kommuner som skal slå seg saman».
2. Arbeidsutvalet får mynde til å godkjenne endelegge prioriteringar i søknaden.

[Lagre]

12/17 Val av revisor for fellesnemnda

| Behandla av | Møtedato | Saknr |
|--------------------------|------------|-------|
| 1 Mellombels fellesnemnd | 28.04.2017 | 12/17 |

Administrasjonen si innstilling:

1. Mellombels fellesnemnd ber kontrollutvala for Granvin herad og Voss kommune leggje fram ei sams tilråding til revisor for fellesnemnda sitt arbeid.
2. Saka skal drøftast i felles kommunestyremøte
3. Endeleg vedtak blir gjort av kommunestyra, alternativt av fellesnemnda dersom dette blir delegert.

Møtebehandling

Votering

Administrasjonen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Mellombels fellesnemnd ber kontrollutvala for Granvin herad og Voss kommune leggje fram ei sams tilråding til revisor for fellesnemnda sitt arbeid.
2. Saka skal drøftast i felles kommunestyremøte
3. Endeleg vedtak blir gjort av kommunestyra, alternativt av fellesnemnda dersom dette blir delegert.

[Lagre]

13/17 Sak om frikjøp av tillitsvalde i samband med etablering av Nye Voss

| Behandla av | Møtedato | Saknr |
|--------------------------|------------|-------|
| 1 Partssamansett utval | 28.04.2017 | 3/17 |
| 2 Mellombels fellesnemnd | 28.04.2017 | 13/17 |

Administrasjonen si innstilling:

1. Rådmannen i Granvin og rådmannen på Voss blir gjeve mynde til å forhandla med fagorganisasjonane i dei to kommunane om frikjøp av tillitsvalde for arbeid med etablering av Nye Voss.
2. Arbeidsutvalet får mynde til å inngå endeleg avtale med organisasjonane.

Møtebehandling

Partssamasett utval hadde ingen merknader.

Nemnda ber om sak til neste møte om samansettinga av partssamasett utval, det er ynskje om at hovudverneomboda skal ha møte/talerett.

Votering

Administrasjonen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Rådmannen i Granvin og rådmannen på Voss blir gjeve mynde til å forhandla med fagorganisasjonane i dei to kommunane om frikjøp av tillitsvalde for arbeid med etablering av Nye Voss.
2. Arbeidsutvalet får mynde til å inngå endeleg avtale med organisasjonane.

[Lagre]

14/17 Reglement for godtgjersle for dei politiske organa knytt til kommunesamanslåinga.

| Behandla av | Møtedato | Saknr |
|--------------------------|------------|-------|
| 1 Mellombels fellesnemnd | 28.04.2017 | 14/17 |

Administrasjonen si innstilling:

Vedlagde framlegg til reglement for godtgjersle for dei politiske organa knytt til kommunesamanslåinga vert vedteke, satsane skal vera lik dei nye satsane som kjem i Voss kommune.

Møtebehandling

Nemnda ber om at saka kjem opp på ny når «Arbeidsvilkår for folkevalde i Voss kommune» er ferdig revidert.

Votering

Vedtak

Vedlagde framlegg til reglement for godtgjersle for dei politiske organa knytt til kommunesamanslåinga vert vedteke, satsane skal vera lik dei nye satsane som kjem i Voss kommune. Saka skal opp til ny handsaming når «Arbeidsvilkår for folkevalde i Voss kommune» er ferdig revidert.

[Lagre]

15/17 Nye Voss kommune på Facebook

| Behandla av | Møtedato | Saknr |
|--------------------------|------------|-------|
| 1 Mellombels fellesnemnd | 28.04.2017 | 15/17 |

Administrasjonen si innstilling:

Fellesnemnda godkjenner opplegg som det går fram av vedlagt notat.

Møtebehandling

Tor Halvorsen informerte.

Votering

Administrasjonen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fellesnemnda godkjenner opplegg som det går fram av vedlagt notat.

[Lagre]

16/17 Prosjektleiing

| Behandla av | Møtedato | Saknr |
|--------------------------|------------|-------|
| 1 Mellombels fellesnemnd | 28.04.2017 | 16/17 |

Administrasjonen si innstilling:

Saka blir lagt fram utan tilråding

Møtebehandling

Møtet vart lukka jfr. kommunelova § 30.2 og 3.
Representantane frå administrasjonen fråtrådte møtet.

Møtet kjende repr. A. H. Såkvitne ugild (Fvl. § 6 andre avsnitt) vara Martin Hamre tok sete.

Votering

Vedtak

Saka vart drøfta og skal opp til vidare handsaming i møte 02.06.2017.

[Lagre]